

# ARBEIDSPLAN

## for styret i NmM – 2020-2021

(vedteke på årsmøtet 07.03.2020)

Det blir viktig i arbeidsåret som kjem å jobba både med organisasjonsbygging, og med utetterretta tiltak, serleg knytt til kommunal språkbruk og skulespråk. Dei tre fylkesmållaga i Møre og Romsdal har fått driftstilskot på 30.000 frå fylkeskommunen, så samarbeidet med dei andre fylkesmållaga blir difor lettare. Styret skal i arbeidsbolken jobba med følgjande punkt:

### Lagsarbeid

- Det viktigaste i lagsarbeidet blir å drive *Hald på språket ditt* saman med dei to andre fylkesmållaga slik at det kan bli aktuelt å utvide prosjektet med eit år til.
- Arbeide aktivt med medlemsverving og organisasjonsbygging: ha kontinuerleg kontakt med lokallaga for å få fleire aktive målfolk som kan vera med og ta på seg verv i organisasjonen. Det er viktig å rekruttera målfolk i ulik alder!
- Sikre at heimesida og facebook-sida vår er oppdatert og levande.
- Syte for god kommunikasjonsflyt mellom styrefolk og mellom fylkeslaget og lokallaga.
- Jobba med fysisk og digitalt arkiv. Søkja om plass for fysisk arkivering på Leikvin i Sunndal.
- Avklara framtida til lokallaga i ny kommune- og fylkesstruktur.
- Arbeida for å skipa målungdomslag

### Offentleg målbruk

- Arbeide for at alle kommunane på Nordmøre har kapittel om språk i kulturplanane. sine eller egne målbruksplanar.
- Oppmoda kommunane om å tilby språkkurs for sine tilsette.

### Media

- Halda på kontakten med avisene på Nordmøre.
- Bidra med lesarinnlegg, t.d. i skulemålsaker og offentleg språkbruk.

### Arbeid retta mot skule og barnehage

- Arbeida for å få til ein motivasjonsdag for norsklærarane på Nordmøre/i fylket.
- Legge til rette for Norsk Målungdom sine skulebesøk.
- Sjå på korleis vi best kan støtta dei nynorske skulekrinsane på Nordmøre med materiale, nynorsk kurs for foreldre og/eller lærarar.

- Ha kontakt med ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane om korleis dei best kan sikre at alle elevane lærer nynorsk
- Få fleire til å halda på nynorsken i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande.
- Utarbeida dialektkurs for innvandrarar

### **Prosjekt og seminar**

- Skipa til haustseminar
- Delta på landsmøte og seminar i Noregs Mållag
- Delta på regionale seminar

### **Målprisen**

- Målprisutdelinga skal fortsette.
- Målprisen skal delast ut på årsmøtet til Nordmøre Mållag, og vinnaren skal veljast i januar.
- Styret skal sjå på statuttane for målprisen.

### **Du mitt Nordmøre**

- Syte for gode salsrutinar og avkasting for Du mitt Nordmøre

### **Økonomi**

- Vurdera tilskot til andre ut frå den økonomiske stoda
- Prioritera tiltak som kan styrka nynorsken eller organisasjonen lokalt.

### **Samarbeid**

- Styret jobbar vidare med Hald på språket ditt-prosjektet saman med Romsdal og Sunnmøre mållag. Mange av arbeidsoppgåvene ovafor bør knytast opp til prosjektet.
- Samarbeida med fylkeskommunen om motivasjonskurs for norsklærarar og Hald på språket ditt-prosjektet
- Samarbeida med avisredaktørane på Nordmøre om medieseminar